

Saksframlegg

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/8194-14

Avtale om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd 6 mill. kr i tilskott til Skipavika Næringspark AS til bygging av ny veg til Skipavika i Gulen kommune. Løyvinga vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.
2. Fylkestinget legg vedlagte avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Skipavika Næringspark AS og Gulen kommune om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune til grunn for løyvinga.
3. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å signere vedlagte avtale om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune på vegner av fylkeskommunen.
4. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å signere vedlagte avtale om overdraging av justeringsrett og -plikt ved overdraging av veganlegg – Veg til Skipavika i Gulen kommune på vegner av fylkeskommunen.
5. Når ny veg til Skipavika er teken opp som fylkesveg, skal eksisterande fylkesveg 4 frå Ånneland til Skipavika, samt ferjekai, omklassifiserast til kommunal veg i den stand vegen og kaia er på overføringstidspunktet.

Vedlegg:

- Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Skipavika Næringspark AS og Gulen kommune om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune.
- Avtale om overdraging av justeringsrett og –plikt ved overdraging av veganlegg – Veg til Skipavika i Gulen kommune.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- HS-sak 34/16 Oppfølging av vedtak om omklassifisering av delar av Fv 4 til kommunal veg.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I HS-sak 34/16 Oppfølging av vedtak om omklassifisering av delar av Fv 4 til kommunal veg gjorde Hovudutval for samferdsle følgjande vedtak:

«Hovudutval for samferdsle utset saka. Utvalsleiar og Fylkesordforar inviterer Gulen kommune og næringsaktørane i Skipavika til eit dialogmøte. Målet med møtet er å diskutere finansiering, framdrift og organisering av prosjektet».

Skipavika Næringspark AS søkte 4.09.16 fylkeskommunen om tilskot til å bygge ny veg til Skipavika næringspark.

I møte 27.09.16 gjorde HS slikt vedtak (sak 41/16 Budsjett - 17/Økonomiplan 2017-2020 Samferdsle, pkt. 5):

«Søknaden frå Skipavika Næringspark AS om midlar til eit spleiselag for bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua vert støtta med 6 mill. kroner. Fylkeskommunen gjer som del av avtalen ikkje tidlegare planlagde tiltak på gamlevegen, men nyttar desse midlane som del av finansieringa. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram ein avtale med Skipavika Næringspark AS og Gulen kommune, med mål om å kunne overta ansvaret for vegen når denne er bygd.»

Det vert teke atterhald om at slikt tilskot er innanfor gjeldande lovverk.»

Dette vart følgt opp i finansutvalet 28.09.16 under handsaming av Budsjett/økonomiplan 2017-2020 Arbeidsdokument 4/16:

«Finansutvalet er i utgangspunktet positiv til hovudutval for samferdsle sitt vedtak i sak 41/16 knytt til søknaden frå Skipavika Næringspark AS. Finansutvalet ber om at fylkesrådmannen avklarar dei juridiske problemstillingane kring søknaden før endeleg handsaming.»

I FU-sak 135/16 Skriv og meldingar til fylkesutvalet 5.12.2016 vart det gjort følgjande vedtak:

«Fylkesrådmannen får i oppdrag å førebu ei sak om veg til Skipavika til fylkestinget i april.»

I FT-sak 51/16 Budsjett/økonomiplan 2017-2020 gjorde fylkestinget følgjande vedtak i pkt. 3:

«I påvente av at saka om veg til Skipavika kjem opp i fylkestinget i april 2017, blir det sett av kr. 6 millionar til delfinansiering av ny veg til industriarealet i Skipavika, finansiert over bufferfondet.»

Historikk - tidlegare vedtak

I HS-sak 34/16 er det gitt ein omtale av historikken i saka om omklassifisering av delar av fv. 4 til kommunal veg, samt initiativet frå Gulen kommune og Skipavika Næringspark AS om å få bygd og finansiert ny veg til Skipavika.

2. Vurderingar og konsekvensar


Fylkeskommunen, Skipavika Næringspark AS og Gulen kommune har no utforma eit framlegg til avtale om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune (vedlagt).

Avtalen føreset endeleg godkjenning i kommunestyret i Gulen kommune og fylkestinget i Sogn og Fjordane.

I framlegg til avtale er det lagt opp til at det skal byggast ny veg på om lag 3,9 km mellom Skipavika og eksisterande fv. 4 mot Brandangersundbrua (Sverdhola), jf. kartskisse under.

Ny veg skal finansierast med inntil 6 mill. kr frå kvar av partane, til saman 18 mill. kr. Etter ferdigstilling av vegen skal den overførast vederlagsfritt til Sogn og Fjordane fylkeskommune og klassifiserast som fylkesveg. Ved overføring av vegen til fylkeskommunen vil vi få ein justeringsrett for ikkje frådragsført meirverdiavgift i prosjektet, jf. vedlagte avtale om overdraging av justeringsrett og -plikt. Meirverdiavgifta i prosjektet vil bli refundert frå staten til fylkeskommunen årleg over ein periode på 10 år. Refundert meirverdiavgift vil i tråd med avtalen bli utbetalt tilsvarande til Skipavika Næringspark årleg over 10 år.

Når ny veg er teken opp som fylkesveg, skal eksisterande fylkesveg 4 frå Ånneland til Skipavika, samt ferjekai, omklassifiserast til kommunal veg i den stand vegen og kaien er på overførings-tidspunktet.



Kartskisse over ny veg til Skipavika (blå linje)

I det følgjande er hovudpunkta i avtalen omtala.

Ansvarsforhold

Skipavika Næringspark AS skal vere oppdragsgjevar og ha byggherreansvaret for prosjektet etter delegert mynde frå fylkeskommunen. Dei er ansvarlege for at ny veg vert bygd etter gjeldande handbøker/vegnormalar i Statens vegvesen, med sikte på at vegen skal klassifiserast som fylkesveg. Ev. fråvik frå vegnormalane skal behandlast og godkjennast av fylkeskommunen.

Skipavika Næringspark AS har ansvar for at det vert underskrive ein gjennomføringsavtale med Statens vegvesen før oppstart av byggearbeidet. Krav til ferdigveg dokumentasjon skal vere ein del av denne avtalen.

Skipavika Næringspark AS er ansvarleg for alle kostnader til opparbeiding av ny veg til Skipavika. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune sitt bidrag til finansiering er omtalt under i punkt om økonomi og finansiering. Fylkeskommunen og kommunen sitt økonomiske ansvar er avgrensa til å yte tilskott i tråd med vedtaka i dei respektive politiske organ.

Økonomi og finansiering

Skipavika næringspark skal gå ut i marknaden og etterspørje tilbod om totalentreprise med ei maksimal ramme på 18 mill. kr ekskl. mva. Det skal takast atterhald om finansieringa.

Kvar av partane i avtalen forpliktar seg til å yte lik del på inntil 6 mill. kr til finansiering av prosjektet, til saman inntil 18 mill. kr. Dersom prosjektet vert billegare enn maksimal ramme, skal tilskota frå partane reduserast tilsvarande, men framleis slik at partane yter like store tilskott.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune skal utbetale tilskottet på inntil 6 mill. kr kvar til Skipavika Næringspark AS.

Tilskottet skal utbetalast til Skipavika Næringspark AS etter følgjande plan:

Part/Dato	15.05.2017	15.08.2017	15.11.2017
Sogn og Fjordane fylkeskommune	1,5 mill. kr	2,0 mill. kr	2,5 mill. kr
Gulen kommune	1,5 mill. kr	2,0 mill. kr	2,5 mill. kr

Utbetalingsplanen er basert på oppstart av anleggsarbeidet i mai 2017 og 8-9 mnd. byggetid. Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune kan krevje endring i betalingsplanen dersom framdrifta i prosjektet vert vesentleg endra i høve til dette.

Skipavika Næringspark AS har ansvaret for å dekkje dei løpande kostnadane med meirverdiavgift undervegs i prosjektet. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal refundere Skipavika næringspark sin kostnad med meirverdiavgift i prosjektet over 10 år rekna frå overføringstidspunktet, jf. eigen avtale om justeringsrett.

Risiko

Skipavika Næringspark AS har ansvaret for å dekkje ev. overskridingar i prosjektet uavhengig av kva som er årsak til overskridinga. Dette gjeld også dersom Skipavika Næringspark AS inngår kontrakt som overstig 18 mill. kr ekskl. mva.

Skipavika næringspark har ikkje høve til å sette fram regresskrav mot Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune for ev. erstatningsansvar dei pådreg seg i forbindelse med prosjektgjennomføringa før Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek vegen. Skipavika Næringspark AS har ansvar for reklamasjonar og garantiar i garantiperioden.

Skipavika Næringspark har ansvar for alle kostnader knytt drift og vedlikehald på ny veg fram til vegen er overteken av Sogn og Fjordane fylkeskommune som fylkesveg. Fylkeskommunen pliktar ikkje å overta vegen før den tilfredstillar krava til fylkesveg og grunnverv er avslutta.

Andre forhold

Skipavika Næringspark AS har ansvar for avtalar med grunneigarar om avståing av grunn. Gulen kommune skal gjennomføre kartforretning.

Overtaking av ny veg og omklassifisering av eksisterande veg

Ny veg til Skipavika skal etter ferdigstilling overførast vederlagsfritt til Sogn og Fjordane fylkeskommune og klassifiserast som fylkesveg. Før overtaking skal all dokumentasjon knytt til prosjektet overleverast til fylkeskommunen.

Skipavika Næringspark AS pliktar å overlevere justeringsoppstilling i samsvar med forskrift før Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek vegen som fylkesveg, jf. avtale om justeringsrett.

Når ny veg er teken opp som fylkesveg, skal eksisterande fylkesveg 4 frå Ånneland til Skipavika, samt ferjekai, omklassifiserast til kommunal veg i den stand vegen og kaien er på overføringstidspunktet.

Tidsfristar

Dersom prosjektet ikkje vert ferdigstilt i løpet av 2018, kan Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune krevje tilbakebetalt heile eller delar av tilskottet frå Skipavika Næringspark AS.

Sogn og Fjordane fylkeskommune si plikt til å refundere Skipavika Næringspark AS sin kostnad med meirverdiavgift i prosjektet etter denne avtalen, fell også bort ved overskriding av denne tidsfristen.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at det vert gitt eit tilskott til Skipavika Næringspark AS på inntil 6 mill. kr til bygging av ny veg frå Sverdholta til Skipavika i Gulen kommune og at fylkesrådmannen får fullmakt til å signere vedlagte avtalar på vegner av fylkeskommunen. Det vert lagt til grunn at når ny veg til Skipavika er teken opp som fylkesveg, skal eksisterande fylkesveg 4 frå Ånneland til Skipavika, samt ferjekai, omklassifiserast til kommunal veg i den stand vegen og kaia er på overføringstidspunktet.